




NORGES TAXIFORBUND

Avd. Sogn og Fjordane

Norges Taxiforbund avd. Sogn & Fjordane
v/ John Terje Hamre
6740 SELJE



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Samferdsleavdelinga
Monica Åsnes
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref: 17/8296-4

Vår ref:

Vår dato: 20.02.2018

HØYRING – SØKNAD OM LØYVEFRITAK I SOGN OG FJORDANE

I samsvar med avtale kjem vi her med eit innspel til høyring av søknad om løyvefritak frå Skaldegard AS.

Denne saka er prinsipielt særst viktig for drosjenæringa i fylket. Det er fyrste sak av denne typen, og vil få store konsekvensar for drosjetilbodet i Sogn og Fjordane om den vert innvilga.

Dersom denne verksemda får løyvefritak, vil det verte særst mange mindre turistverksemder som kjem til å sende tilsvarende søknad. Den må dermed ikkje sjåast på som, og vurderast som ei einskild sak. Ein må vurdere konsekvensane for 24/7 passasjertilbodet drosjene gir i fylket. Får ei reiselivsverksemd gjennomslag for eit slikt løyvefritak, så betyr det at alle andre tilsvarende søknader også må innvilgast.

I tillegg ser vi at det no også har kome inn søknad om løyvefritak til samferdsleavdelinga i Sogn og Fjordane Fylkeskommune frå verksemda Hvitserk AS, som m.a. driv med guida naturbaserte aktivitetar i heile Norge. Det er med andre ord ikkje berre lokale småskala turistverksemder som ynskjer løyvefritak i Sogn og Fjordane, men verksemder som arrangerar opplevingsaktivitetar over heile landet. Kor vidt dette kan seiast å være småskala turisme i nærområdet er eit heilt anna spørsmål.

I denne og komande saker av denne type, er det også særst viktig å merke seg at *topptidspunktet for turisme er sommaren*. Det er på dette tidspunktet drosjenæringa er mest sårbar. Den går på sparebluss om sommaren. Mange faste oppdrag som skuleskyss er innstilt i sommarferien, og det er mykje mindre pasienttransport på grunn av at sjukehuspersonale har sommarferie.

Persontransportoppdrag i samband med turisme om sommaren har difor vore svært viktig for drosjenæringa for å holde «hjulene i gang». Opnar lokal samferdslestyresmakt for løyvefritak, vil 24/7 drosjetilbodet i mange område være i fare.

I tillegg til ovannemnde er det særst vanskeleg å kontrollere at ei turistverksemd som har løyvefritak held seg innanfor lovverket. Vi fryktar at det vert køyrt meir enn det som det vert søkt om, og som det er høve til å gi fritak for. Det er forresten ikkje uvesentleg det ein har høve til å gi fritak for heller. Det er tross alt høve til å gi fritak for inntil 5 motorvogner med inntil 9 personar. Det er ikkje vanskeleg å tenke seg at dette vil gje store utslag på inntekta til



ei lita lokal drosjeverksemd i Sogn og Fjordane som ofte alt i utgangspunktet balanserer på kniveggen økonomisk.

Ei innvilging av denne søknaden om løyvefritak vil ikkje berre øydelegg drosjetilbodet i Aurland, men også andre plassar som har denne type reiselivsverksemd. Dette gjeld nesten heile fylket for som kjent har vi heldigvis ei variert, spreidd og omfattande småskala opplevingsverksemd her i fylket. Vi snakkar m.a. om alle plassar der det f.eks. er opplevingsarrangement som guida ski- bre- og fotturar, kajakk og , juving, surfing osv. Desse verksemdene skaffar mange arbeidsplassar, skattekroner og mange andre positive bidrag, men dei må halde seg til sitt kjerneområde og overlate transporten til andre som også kan gi 24/7 tilbod til andre som treng transport. Vi snakkar her om pasienttransport, TT-transport, transport til rørslehemma og til ungdommar som skal «Trygt heim» ein laurdagskveld. I tillegg deltek drosjenæringa i skuletransport, tingingsruter og serviceskyss som vert dyrare for samfunnet å oppretthalde om ei lokal drosjeverksemd må legge ned som følgje av at ein opnar for utarming av inntektsgrunnlaget ved løyvefritak. Dersom det vert gitt løyvefritak for denne søknaden, blir det mange fleire som kjem til å søke. Det vil gå ut over inntektsgrunnlaget, og kan verte «kroken på døri» for mange drosjeløyvehavarar og dermed 24/7 persontransporttilbodet mange stader i Sogn og Fjordane. Vår påstand er at eit slikt «frislepp» vil ta driftsgrunnlaget frå mindre aktørar særleg i dei minst folkesette områda i Sogn og Fjordane med enkeltstående bupelsløyvehavarar.

Vi torer og å minne om at dette er ein av fleire saker som evt. tek inntektsgrunnlaget frå drosjenæringa. Berre i den seinare tid har vi merka oss at det vert gjeve mange fleire dispensasjonar for løyveplikta slik at private kan utføre skuleskyss. I mange område har rutebilnæringa etter å ha gjennomgått ein anbudsrunde overteke serviceskyssen, og sett inn eige materiell. Samtidig med dette er det etablert organisert svindel med grupper i sosiale media som tilbyr ulovleg «drosjetransport». Ikkje nok med det så er det også teke politisk initiativ til å konkurranseutsetje drosjenæringa endå meir ved at sjukehusføretak kan etablere egne transportordningar og ikkje minst framlegg om å oppheve behovsprøvinga og avklare spørsmål om tilknytning til sentral.

Per i dag er det Yrkestransportlova og Lov om offentlig anskaffelse som avgrensar eit sjukehus sitt moglege tilbod om pasienttransport i eigen regi. Det er også Yrkestransportlova med forskrifter som legg til grunn at drosjeløyver skal behovsprøvast, men no er dette saman med andre framlegg som t.d. opning for utvida samkøying mot betaling ute på høyring. Til slutt må vi dessutan ta med at det trass i at ein i det reelle praktiske liv har mange døme på at drosjemarknaden ikkje regulerar seg sjølv, er det stadige utspel frå teoretikarar om at den er sjølvregulerande.

Norges Taxiforbund har vist til at Oslo Economics frå mai 2017 viser vesentleg grad av "marknadssvikt" i drosjemarknadene, som gjer at dei ikkje regulerer seg sjølv. I eit innspel til departementet skriv dei m.a. at:

«Asymmetrisk informasjon og nedbryting av stordriftsfordeler er blant flere forhold som gjør at fravær av regulering ikke vil gi en optimal utnyttelse av samfunnets ressurser og det beste tilbudet til kundene. Et frislipp av antall løyver kan gi økte priser, økte miljøutslipp og mer kødannelse og trafikk i byene.



NORGES TAXIFORBUND

Avd. Sogn og Fjordane

Norges Taxiforbund avd. Sogn & Fjordane
v/ John Terje Hamre
6740 SELJE

Analysen viser at dagens behovsprøvede løyveordning har en viktig funksjon for å oppfylle målet om et tilgjengelig drosjetilbud i hele landet. Ved bortfall må det innføres andre former for reguleringer som hindrer at de ulike formene for markedssvikt blir dominerende.

Dersom behovsprøvingen skal oppheves, ser Norges Taxiforbund det som hensiktsmessig at det gjøres i de store byene, men opprettholdes ellers i landet. Det kan skje etter dagens grenser mellom prisregulert og ikke prisregulerte områder.»

I bakgrunnen for søknaden skriver søker at det er begrensede parkeringsforhold i Skjerdal, då vil drosje være attraktivt å bruke drosje da de kommer til avtalt tid og forlata området etter endt oppdrag. Avstanden til garden er heller ikkje noko hindringa vi gjer rekning med at turane er forhandsbestilte.

Med helsing
Norges Taxiforbund avd. Sogn og Fjordane

John Terje Hamre
Fylkesleiar